



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE  
– Hovedkontor  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Behandlande eining: Region midt	Sakshandsamar/telefon: Silje Skaro / 94797791	Vår referanse: 16/54582-2	Dykkar referanse: 201001302-17	Vår dato: 18.04.2016
------------------------------------	--	------------------------------	-----------------------------------	-------------------------

### Fv. 661 i Haram kommune – svar på høyring frå Clemens Kraft AS om løyve til å bygge Eikeelva kraftverk

Vi syner til brev frå dykk av 08.04.2016 som gjeld søknad frå Clemens Kraft AS om løyve til å byggje Eikeelva kraftverk.

Tiltaket er lokalisert i Vestrefjorden ved Eik i Haram kommune. Fylkesveg 661 går forbi området. Kraftstasjonen er planlagt bygd på nordsida av Eikeelva like ved fylkesvegen. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til LNF-område.

Slik det kjem fram av søknaden skal tilkomst til kraftstasjonen skje via eksisterande avkjørsel/parkeringsplass frå fv. 661. Det må ihht Veglova §40 søkjast om avkjørselsløyve. Ihht Veglova §29 må det også søkjast om dispensasjon frå regelen om byggegrense dersom tiltaket ligg nærare enn 50 meter frå midtlina av fylkesvegen.

Eksisterande veg opp lia frå Eik skal opprustast for å lette transport opp til inntaket. Det må søkjast om utvida bruk av avkjørsla frå fylkesvegen.

Dersom tiltaket krev andre løyve og avklaringar i henhold til arbeids- og ansvarsområdet vårt, mellom anna graving og nærføring langs fylkesvegen (jmfr. Veglova §32), må også Vegvesenet kontaktast. Ut over dette har vi ingen merknader til tiltaket.

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE	Telefon: 02030  firmapost@vegvesen.no  Org.nr: 971032081	Kontoradresse Vestre Olsvikveg 13 6019 ÅLESUND	Fakturaadresse Statens vegvesen Landsdekkende regnskap  9815 Vadsø
---	--	--	--

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
Seksjonsleder

Silje Skaro

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Haram kommune, Storgata 19, 6270 BRATTVÅG

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*